

MISJON OG POLITIKK I CHINA

AV JAKOB STRAUME

Misjonaren må aldri ha noko med politikk å gjere. Han er innvigd til å arbeide for Jesu Kristi rike. Dette arbeidet treng all hans tid, evner og krefter. For dette riket arbeider han med stort frimod, fordi han veit at det vert ståande i alle ævor.

Men sjølv om misjonæren heldt seg utanfor politikken, fekk politikken mykje å seie for misjonæren og misjonsarbeidet. Og difor måtte misjonæren ha eit vake auga med slikt som ligg utanom arbeidet hans.

Når verda låg i krampe under store politiske omveltningar, skapte det ofte store vanskar for misjonsarbeidet. Ja, stundom stod misjonæren mesta rádlaus, sjølv om Herren i si makt vende heile situasjonen til å verte til gagn for evangeliet.

Difor er me i Guds ord (1. Tim. 2, 1—2) bedne om å be for alle menneske, og *alle* dei som er i overrådande stand, så me kan leve eit stilt og roleg liv i all gudlegdom og søma.

Ro eller uro i verda, krig eller fred i det landet som misjonæren arbeider i, får mykje å seie for misjonæren og arbeidet hans. Sjølv om han ikkje høyrer til denne verda, så er han i verda, og han er borgar av den staten som han kom ifrå. Heimen ligg i heimlandet. Ute på misjonsmarka er han gjest på framand grunn.

I fredelege tider går det som oftast godt for misjonæren der ute. Han får gjere arbeidet i fred, og gløymer at det finst noko som heiter politikk. Slikt noko driv andre med. Han er utanom. Han er fri frå livsens sysler for å tekkjast Herren Jesus Kristus. Og livet flyt stilt som dei store elvane om vinteren.

Men ein dag veit han ikkje ordet av før han er inne i dei politiske kvervlane. Ikkje fordi han er misjonær, men fordi han er borgar av ein framand stat, og høyrer til ein annan rase.

Ofte kom det brått og uventa, mest som når elva stig veldig under klår himmel. Då må noko storveges ha hendt langt unna.

Misjonærane har vorte drivne ut or landet eller kalla heim, — ikkje fordi dei var misjonærar, men fordi dei var borgarar av ein framand nasjon, som stridde med andre om makta i verda. Då vart misjonærar offer for politikken, utan at dei sjølve hadde det minste å gjere med politikk.

Politikk var det då Feliks let Paulus etter seg bunden fordi han ville vinne seg takk av jødane (Ap. gj. 24, 27).

Politikken var det som sende dei tyske misjonærane ut av China under den første verdskrigen. China viste dei ut fordi dei allierte ynskte det, og England sytte for lasteskip til å sende dei på.

Og politikken gjer at amerikanske og engelske misjonærer må ut av China no på trass av at dei ikkje har drive politikk.

Politikken gjorde vegen til China lang og vanskeleg for dei første protestantiske misjonærane som reiste dit. Såleis måtte Robert Morrison først reise over til Amerika, for derifrå å ta vegen rundt Afrika til China.

Misjonærar som drog ut etter han, måtte ofte reise på opiumsskuter fordi det var berre slike som siglde på China i dei dager.

Robert Morrison gjorde ein lang omveg. Likevel kom han nærmere denne syndige trafikken enn nokon annan misjonær. Og det var fordi økonomiske vanskar tvang han til å gjere translatør-arbeid for handelsfolk, og handelen var opium for det meste.

Morrison måtte sjå mykje vondt, men han slapp å sjå opiumskrigen. Men son hans fekk sjå han, og han gjorde translatør-arbeidet då traktaten vart skriven i 1842 mellom China og England.

Dette var den første verkelege handelstraktaten som China skrev med ei vesterlandske makt.

Etter denne traktaten vart fem byar opna for vesterlandske handel.

Utan at det vart nemnt, kom misjonærane inn i desse byane med det same. Difor syntest nok både dei og unge Morrison at denne traktaten var sers god.

Men China såg på traktaten som ein valds-traktat. Og det var

ikkje underleg. China måtte betale 15 millionar dollars for krigsskade og 6 millionar for øydelagd opium. Dessutan tok England Hongkong.

183

Korkje England eller China fekk stor glede av denne traktaten, frårekna Hongkong.

Kinesarane saboterte han alt dei vann. Difor bar det mot nye kriser, og til slutt oppgjerd og krig med China på eine sida, og England med Frankrike på hi.

Årsakene hadde berre med politikken å gjere. Det var opiumshandel og kuli-trafikk, — eit slag slavehandel, — som var verste støytesteinane. Men det var også andre ting med i spelet. Storhandelen låg bakom.

Europa og Amerika hadde kome inn i den tekniske revolusjonen som kom med dampmaskinen. Dei måtte finne marknader for uhorveleg mykje av nye varer. Og dei fann ut at China ville verte den beste marknaden.

Men keisaren i China var ein klein kjøpar. Han såg på alle folk utanom China som barbarar. Og det var ikkje underleg. Mange utanlandske sjøfolk hadde fare åt som røvarar.

Men England, Frankrike, Tyskland, Amerika, Japan og Russland sende betre folk. Dei sende ambassadørar. Det var fine folk. Men det var det same kven som kom, og kven som sende. Keisaren stelte med dei som om dei var sendemenn frå vasall-statar. Dette vart dei andre arge for. I 1856 slo England til med sverdet og fekk Frankrike med seg.

Først i 1860 vart det fred. Men då møtte også Amerika og Russland opp. Dei ville vere med når freden skulle skrivast.

Av fredsvilkåra skal her takast med: Sendemenn frå utanlandske makter fekk lov til å bu i Peking, og fekk stå beinast i samband med høgste styresmakta i landet.

Nye byar vart opna for framande skip og handel.

Utlendingane fekk lov til å ferdast fritt omkring i landet, og ingen måtte legge hindringar i vegen, korkje for dei eller bagasjen deira.

Kristendomen skulle tolast i heile riket.

Russland fekk dei store landområda nord for Amur-elva. Og landet austanom Ussuri skulle China og Russland styre i lag. Men China gjekk snart ut av det samstyret. Og Russland bygde Vladivostok, ein sers viktig hamneby ved Stillehavet og endestasjon for den trans-sibiriske jarnvegen.

Det var Russland som mjøla kaka si best den gongen. Dei andre stormaktene var ikkje sers jordhungrige nett då. Det var ikkje på moden med koloniar. Dei andre ville berre ha handel og marknad for varene sine. Men Russland dreiv på med å bygge opp herreveldet sitt tvers gjennom Asia til Stillehavet. Og China fekk kjenne trykket sterkest av denne stormakta, fordi det låg nærest.

Når misjonsarbeidet kom med i Tientsin-konvensjonen av 1860, så var det meir enn misjonærane hadde bede om. Det var helst ei æresak for diplomatane, som gjorde at misjonsrbeidet kom med. Diplomatane syntes at det var alt for vanærande når misjonærane vart jaga og slegne ned av kinesisk påbel. Slikt hadde hendt ofte. Men no ville dei store sette ein stoppar for slik framferd. Og det vart nok til stor hjelp.

Men det var visst mindre hjelp i dette enn dei trudde. For så lenge stormaktene dreiv politikken sin for å få mest råd var ut av China, vart dei hata av dei som rådde i landet. Og då var det ikkje godt for misjonærane å ferdast fritt ikring.

Visst gjekk det utruleg bra fordi folket er godlyndt. Og misjonærane gjorde utruleg mange og lange ferder omkring i landet. Dei fleste ferdast i fred.

Likevel var misjonær-morda mest årvisse, heilt til dess den engelske ministeren kravde livet av ein høgare embetsmann til vederlag for misjonær-mord. Då vart det mindre med slike ugjerningar, så politikken var nok bak påbelen som slo misjonærane i hel. Og det var ikkje underleg. Påbelen visste ingen ting om krigane og politikken. Slik noko var det berre høgare embetsfolk som visste om.

Frankrike dreiv hardt i sør, og fekk hand om dei gamle kinesiske lydland Annam og Tonking.

Og i sjølve China klora dei seg fast i Kwangchow-bukta, lengst

i sør. Derifrå skapte dei si interessesfære inn gjennom dei sørlege provinsane.

England hadde fått Hongkong i 1842, og hadde store interesser i Yangtse-dalen. Det var liksom feitaste tugga. Men dessutan fekk dei grenseregulering i sør. Og Burma, som var eit gammalt lydland under China, slutta å betale tributt til keisaren i 1886. Han hadde fått ein skilling frå Burma kvart tiande år. Men så tok England hand om Burma og pengane så lenge.

Tyskland lyfta den pansra neven over Shantung-provinsen, og fann både kol og jarn. Det kravde alt dette som vederlag for to misjonærar som vart myrda.

Japan gjekk til krig mot China i 1894, og vann. Det fekk Formosa og mykje meir.

Med i fredsvilkåra var også at Japan skulle få Liaotung-halvøya med Port Arthur i Manchuria.

Dette med Manchuria syntes Russland var reint for gale. Difor fekk det Tyskland og Frankrike med seg. Og alle tre protesterte så sterkt mot denne freden at Japan vart fælen, og gav Liaotung-halvøya med Port Arthur tilbake til China, mot å få nokre pengar til krigsskadebot.

Keisaren i China vart nok glad for dette. Men etterpå kom Russland og ville ha takk for hjelpa.

Russland kravde Port Arthur og løyve til å føre jarnvegen sin i Manchuria fram til byen. Dermed var dei herrar i Manchuria, ja, i stor mon over det meste av landet utanfor den store muren. Dei hadde fått si interessesfære.

Medan stormaktene dreiv politikk og forsynte seg av China, var det ei hard tid for misjonærane.

Dei hadde vorte blanda inn i politikken utan at dei sjølve hadde gjort det eller ynskte det.

Dei var ikkje med i politikken, korkje som misjonærar eller borgarar. Dei berre sette livet inn for å fullføre den tenesta dei fekk av Herren, anten dei var verna av traktatar eller ei. For den rettstrygd som traktatane og kanonane gav, var ofte usikker.

Hadde ingen funne opp opiumshandelen, hadde ingen funne opp slaveri og krig, kunne visst misjonærane fått arbeidt i fred, forkjent evangeliet, undervist dei vankundige og lækt sjuke. Kinesarane har vore takksame for alt dette.

Men misjonærane var av same rase og hudfarge som resten av dei som gjorde urett. Og så måtte den uskuldige lide for den skuldige. Slik er det i ei syndig verd.

Men der er også ei onnor side, som har synt seg gjennom all historie: «Lyset skein i mørkret, og mørkret tok ikke imot det.» (Johs. 1, 5).

Når kristendomen møtte heidendomen, var det alltid brytingar. Og ofte reiste heidendomen seg mot kristendomen for å riste han av seg.

I denne kampen vart det nytta alle dei våpen som finst, også politiske. Då fekk politikken fylgjer for misjonsarbeidet. Slik gjekk det til i China i 1900.

Bak krisa i 1900 låg storpolitikken. Stormaktene kappast om å få mest råd var av verda. Og nedover det arme China hagla det av krav frå stormaktene.

Chinakartet såg ut som eit makkstukke blad. Kinesarane har mast. Dei ville riste makkane av seg. Det var politikk. Men det var misjonærane som ikkje hadde noko med politikken å gjere, som det gjekk verst ut over.

Boksar-opprørarane hadde brodd mot keisarhuset, men så vart dei oppøste til å gå mot utlendingane i staden. «Drep utlendingane kvar de finn dei!»

Misionærane var lette å ta. Dei var fredelege og forsvarslause. Så måtte 130 av dei late livet, og dessutan mange born. Dette var mellom protestantane. Katolikkane fekk òg sine martyrar.

Men dette var ikkje berre politikk. Heidendomen nytta høvet til å ta eit oppgjer med kristendomen, og fleire tusen skuldlause kristne let livet som martyrar.

Martyrblodet vart utsådet for kyrkja. Stundom grodde det best der martyrane var flest.

Shansi-provinsen fekk flest martyrar. Han vart lenge mønsterprovinsen både når det galdt kristeleg og materiell framgang.

Året 1900 var det store tidsskiftet i China. Det var alvor med den vanmakts-kjensla som landet fekk under nederlaget med Japan fem år før. No hjelpte det ikkje med blindt raseri mot fiendane. Dei måtte sette seg på skulebenken og finne ut at utlendingane hadde styrken sin i vitskapen.

Etter 1900 vart det ei god tid for misjonsarbeidet. Misjonærane fekk reise og arbeide trygt. Det var den store landnåmstida i misjonsarbeidet.

I 1911 kom den kinesiske revolusjonen. Det vart uro, men folket og førarane hadde ingen brodd mot misjonsarbeidet. Brodden gjekk mot keisarhuset, som vart avsett. Og misjonsarbeidet fekk halde fram som før.

Men revolusjonen vart på mange måtar eit vonbrot. Dei velte keisarhuset, men makta ikkje å få eit godt styre.

Det vart storgeneralane si tid. Dei blømde som tistlar, taggete og stinne.

Krig vart eit privatarbeid, og unge menn gjekk inn i herane for å vinne rikdom og makt. Mange av dei var både soldater og røvarar.

Yang Hu-chen var ein slik. Han lærde røvarhandverket og arbeidde seg opp til guvernør i Shensi. Der tok han sjølvaste Chiang Kai-shek til fange i desember 1936.

I Manchuria satt Djang Tso-lin som keisar utan krone. Han var ein nyttig drabant for Japan, tok til som røvar og høyrd til «raudskjeggane».

I China var Wu Pei-fuh og Feng Yu-siang mellom dei fremste generalane. Dei to hadde aldri vore på røvarstigen. Men slost gjorde dei.

All ufreden vart til hinder for misjonsarbeidet. Misjonærane måtte ofte lide i lag med folket, som vart plyndra. Men det var korkje politikk eller kristenforfylging i det.

Dei som slost, stridde berre om makta, og prøvde å plyndre til seg rikdomane.

For misjonærane var det farleg berre når dei kom inn i slaglina mellom generalane, eller når røvarane kasta seg over byen som dei budde i.

Slike ulukker hende. Slik gjekk det til då røvarheren til Behlang — «Den kvite ulven» — tok Laohokow i 1914. Der vart dr. Frøyland drepen og misjonær Sama såra. Det var tunge tap, omkostningar som høyrer til misjonsarbeidet. Men arbeidet gjekk framover i den tia. Det voks på trass av harde slag.

Men så kom revolusjonen inn i ein ny fase i 1925—1927.

Sun Yat-sen, som var far til den kinesiske revolusjonen, kom ingen veg med dei store generalane.

Hausten 1924 kom Wu Pci-fuh så langt at han såg i kanten på keisarkrona. Men då kom Feng Yu-siang bak han, og riste så hardt i stillaset at han ramla ned, og vart liten att. Men då vart Feng Yu-siang den som vart stor.

Sun Yat-sen sökte hjelp hjå stormaktane. Men berre Russland var villig til å hjelpe han med ein ny revolusjon, og dei sende både rådgjevarar og midlar.

Kanton-arméen vart skipa om att og fekk ny eldhug med Chiang Kai-shek som førar. Det gjek til siger, og stor-generalane rauk over ende.

Men denne revolusjonen fekk brodd mot utlandet.

England vart syndebukken som førar for imperialistane. Det var nok storpolitikken mellom England og Russland som synte seg på ein ny måte.

Det vart ein vill agitasjon, og skuldlause kom mot sin vilje opp i røret. Eit døme på korleis det kan gå til, skal me ta med.

I Laohokow var det store folkemøte på ein open plass. Ein liten norsk misjonær-huslyd kom over plassen. Han kom ut frå fjella i sørvest, og hadde reist i fem dagar. Misjonären hadde ofte fare same vegen i fred, og han venta berre fred no òg.

Men brått gjekk eit rop over plassen: «Der kjem imperialistane! Ned med dei!»

Straks etter gjekk ei skur av jord og stein over misjonærfolket, og det var berre eit under at dei berga livet.

I 1927 nådde den antikristelege rørsla toppen. Då vart misjonærane rekna med i politikken, utan at dei var det.

Kommunistane sa at misjonærane la kristendomen ned i China som steinar i elva, for at imperialistane kunne kome fram.

Røret vart så stort at misjonærane måtte fara til kysten eller heim.

Men dei radikale fortok seg ved å slå rikfolk i hel og ta eigedomane. Folk vart redde, og Chiang Kai-shek tok makta frå dei radikale. Russarane måtte røme frå landet, og kommunistane tok til fjells i Kiangsi, Hunan og Hupeh, medan mange som var mistenkte for å vera kommunistar, vart avretta.

Misionærane tok til å reise attende til arbeidsplassane sine same hausten.

Det vart fred med utlandet.

Men Japan vart grådigare etter kvart. Det vann på China i 1894, og kasta Russland ut or Port Arthur og Manchuria i 1905.

Under den første heimskrigen kasta det Tyskland ut or Shantung, og kravda mykje meir enn Tyskland hadde der.

I 1931 tok det Manchuria og gjorde landet til eit lydrike. Men det vart for lite. Difor tok dei mykje av Indre-Mongolia og la attåt.

Japan hadde lyst på Ytre-Mongolia òg, men der satt Russland og passa på.

Det var ei litt gammal historie med dei kinesiske lydlanda som låg opp til dei store grannane.

Under dei store opprøra i China i det nittande hundreåret gjekk russarane over grensa til Turkestan og hersette Kuldja for å verne «interessene» sine der.

Seinare kom ein flink kinesisk general og knuste opprøret, og det vart ro i landet. Men russarane var så seinføre til å gjeve byen over til kinesarane at det hadde nær kome til krig mellom China og Russland.

Men i 1881 vart dei einige om at China skulle få att Kuldja og det meste av landet som var hersett, mot at Russland skulle få ei skadebot.

Russland tok sin mon att i Manchuria, men vart kasta ut att av Japan.

Men i 1913 måtte China gå med på at Russland hadde rett til handel i Ytre-Mongolia, som skulle ha sjølvstyre under China. Dette sjølvstyret strauk China i 1919, utan å makte å knyte landet fastere til seg. Ytre-Mongolia kom snart under russisk førarskap, og fekk russisk samfunns-skipnad.

Alt i 1923 måtte dei svenske misjonærane bort ifrå hovudstaden Urga.

I tretti-åra vart det meir «sjølvstyre» i Turkestan òg. Det førde til politiske omveltningsar, som gjorde at misjonærane måtte bort.

Først kom turen til nordmannen misjonær Otto Torvik i Kuldja, som måtte reise i 1935. Seinare kom turen til både svenske og engelske misjonærer, som hadde arbeidt i Turkestan ein mannsalder.

På same tid som Russland trykte på frå nord, pressa England på Tibet og ville gjerne ha landet til «støtfanger» mellom Russland og India, og China fekk til slutt ingen ting å seie i Ytre-Tibet.

Alle stormaktene hadde «interesser» i China. Somme ville vinne land, andre ville handle, og somme ville både handle og vinne land. Men Japan var verst, og 1937 gjekk det på for alvor, for då såg det ut til at Chiang Kai-shek endelig hadde fått nokolunde samling på landet.

Det er vanskeleg å føre igjennom reformer når landet alltid er i krig. Og China var i krig heile tida medan Chiang Kai-shek styrte. Likevel fekk han gjort ikkje så lite.

Store bilvegar vart bygde. Mange nye skuler vart sette i gang. Tusentals unge menn gjekk på skulane, og mange vart sende til Amerika for å studere.

Litt demokratisering vart ført inn i fylkes- og kommune-administrasjonen.

Ei mengd små fabrikkar vart sette i gang og fekk stønad av staten.

China leid fælt både under krigen og borgarkrigen. Det brukte uhorveleg med pengar. Då opna inflasjonen gapet og slukte alt i sitt grådige svelg. Ei skjeppe ris kostar to dollars. Så steig ho til fem.

Året etter kosta ho tusen dollars. Skredet hadde losna, og det auka i veldet.

År 1948 kosta ein middag i Shanghai ein million dollars. Ein trikkebillett kosta 60,000 dollars og eit tonn kol 150 millioner dollars.

Det vart naud, fattigdom og kaos. Den som var velstandsmann ein dag, var fattig dagen etter.

Landet var i ei grenselaus naud. Etter krigen med Japan var det 80 millioner heimlause menneske og fire millioner foreldre-lause born.

Så kom borgarkrigen og knuste endå fleire heimar. Nye millioner vart husville, og nye tusen av born miste fedrar og for-eldre.

No venta dei heimlause at Chiang Kai-shek skulle gjeve dei att alt dei hadde mist. Men han makta det ikkje. Då vart China som ein einaste stor, brølende straumkvervel. Det var politikk. Og misjonærane var midt i denne sjodande gryta med heile arbeidet sitt.

Då kom kommunistane med medisinen, — den store jord-reformen.

China er eit jordbruksland. 80 prosent av folket er bønder, og ein stor lut var småbrukarar og sjølveigarar.

Ein gong var kanskje heimen rik med mykje jord og mange brør. Men alle brørne delte likt, og enno var det levelege kår. Men då sónene i neste åttled hadde delt, satt dei att i små kår. Men enno gjekk det bra.

Men i China kjem eit uår kvart femte eller sjuande år. Då vart det for lite mat. Småbrukaren måtte låne pengar til å kjøpe mat for, og han sette jorda i pant.

Rentene var tunge, tre prosent for månaden. Så greidde ikkje fattigmannen korkje renter eller avdrag. Han makta ikkje å løyse inn att garden. Så fekk rikmannen og uretten alt, og bonden vart leiglending på garden sin.

Slik har det vore frå gamal tid. Mandarinane hadde ikkje meir i løn enn at dei betalte sekretæren sin; likevel vart dei rike når dei hadde site i embetet eit år eller to. Korruptionen har djupe

røter i China, og det er for gale at ein mann gjennom tjue års krig ikkje makta å rive korrupsjonen opp med rot og teger. Men han makta det ikkje. Korrupsjonen slo ut i bløming, og blomane heiter svartebørs og inflasjon.

Men no kom det store jubelåret. Folket fekk att jorda si.

All denne krigen og politikken har fare hardt med misjonsarbeidet. Mange hus har vorte lagde i ruinar, og mange liv har gått til spille.

Under krigen med Japan måtte misjonærane røme etter som japanarane gjekk fram; elles vart dei internerte.

Ved slutten av krigen var dei fleste protestantiske misjonærane ute av landet. Men i 1947 var 2000 komne attende til China og i arbeid. Dei vona på ei god arbeidstid. Men krigen mellom nasjonalistane og kommunistane vart berre hardare.

På same tid auka spaninga mellom aust og vest, mellom Russland og Amerika. Det vart liksom så utsig i heile verda, men verst for misjonærane i China.

Då hende det mange ting. Det hende at ein buss vart stoppa i eit fjellskar i Hupeh. Ferdafolket måtte ut, og vart røva. Misjonærane vart røva i lag med hine.

Dr. Alexis Berg frå Finnland, frk. Nordlund og frk. Andersen frå Amerika fall for same bødlane. Alle tre vart skulda for å vere amerikanarar, og det var dødssynd å vere amerikaner den dagen. Dei hadde synda så følt mot China, vart det sagt.

All verda veit at Amerika sende atombomba over Hiroshima og Nagasaki. Då slutta Japan krigen og marsjerte ut or China. Amerika kan mest seie at dei frelse China or klørne på Japan.

Men så rauk Amerika og Russland uklår om Tyskland. For dette og meir slikt vart kinesiske kommunistar så harme at dei skaut ein finnlendar fordi dei trudde han var amerikanar.

Slik er politikken. Han er vrang å forstå. Og vrangt er det å drive misjon der det vert mykje av han.